

**ÅRSMELDING 2024  
– SOGNDAL IL FOTBALL**



**Tysdag 24. mars 2025.**

Sogndal Fotball  
Postboks 164  
6851 Sogndal  
[www.sogndalfotball.no](http://www.sogndalfotball.no)



**Visjon:  
Utviklingsarena for toppfotball**

**Kjerneverdier:**  
**\*Ambisiøse      \*Utviklande      \*Inkluderande      \*Ærlege**

## Organisasjon

Styret i Sogndal Fotball har i 2024 vore samansett slik:

- Jan Rune Årøy, leiar
- Trude Ramstad, nestleiar
- Nina Munthe Olsen, styremedlem
- Einar Ylvisåker, styremedlem
- Kåre Jan Mjelleli, styremedlem
- Øyvind Heimset Larsen, styremedlem
- Andrea Solbakken, styremedlem

Valnemnda har vore:

- Margrete Svidal, leiar
- Tonje Tangerud
- Dagfinn Rude Johannesen

Revisor har vore: Deloitte

Rekneskapsførar har vore: LOFTESNES REKNESKAP AS (inngått i Aider AS)

Sogndal IL Fotball hadde ved årsskifte 6 administrative stillingar og 18 heil- og deltid stillingar i sportsleg avdeling inkludert A-lag og utviklingsavdeling. I tillegg kjem spelartropp på 18. Lars-Olav Hausberg var ut januar dagleg leiar. I mars vart Rasmus Mo konstituert fram til tilsetjinga av ein permanent dagleg leiar. Gisle Olsen tiltrådde som dagleg leiar 1.august. Tore André Flo var hovudtrenar fram til 30.september. Morten Kalvenes var hovudtrenar frå 1.oktober og ut sesongen. (Avtale med Luis Pimenta frå sesongen 2025 vart inngått i desember). Rune Bolseth og Nils Tore Krosshaug har vore assistenttrenarar og Terje Skjeldestad har vore sportsleg leiar. Erling Ola Fykse har leia utviklingsavdelinga. Kristian Ask har leia breiddeavdelinga og vore klubbkoordinator for utviklingsavdelinga. Breiddeavdelinga tel over 600 medlemmar. Sogndal scorar svært høgt på antal aktive jenter, med ein andel på 45 prosent påmelde jentelag i 2024. Deltaking i "Jenter vil Mer"-prosjektet støtta av Sparebanken Vest, der Sogndal Fotball samarbeider med toppklubbane Sogndal FK Damer, Arna Bjørnar og Brann, samt fadderklubben vår Syril IL, har bidrege til utvikling.

Det har vore gjennomført 17 protokollerte styremøte, og der behandla 85 saker. I tillegg er det halde fleire drøftings- og orienteringsmøte. Årsmøte i Sogndal Idrettslag Fotball vart halde 11.mars 2024. Styret har og halde god dialog med Sogndal Fotballklubb Damer via dagleg leiar, styreleiar og dagleg drift. Styret har og hatt u-protokollerte møte for å bli kjent etter årsmøte for 2023. Styret er og samla rundt ulike arrangement. Døme er det opne allmøte me inviterte til også i 2024, interne møtearenaer for informasjon og inspirasjon som «Mitt lag i Sogndal» og januarsamling på Gol. Me deltok på kretstinget til NFF Sogn og Fjordane, på forbundstinget i NFF og på møte med representant for Svein Bakke Minnefond. Me var og aktivt med i initiativ om samarbeid om å rekruttere, utvikle og ta vare på talenta på Campus.

Sportsplanen er i dag sjøve hjørnesteinen i drifta av Sogndal Fotball. Den gjeld frå A-lag til akademi. Planen frå 2019 vart grundig revidert og vedteken av styret i Sogndal Fotball 06.01.2022. Me reviderte den igjen i 2023. Klubbhandboka vart oppdatert i februar 2022. Me har satsa mykje på utvikling. Me er stolte av å vere sertifisert som NFF Kvalitetsklubb. Sogndal Fotball ser på dette som viktig for utviklinga av aktiviteten, organisasjonen, kompetansen og samfunns- og verdiarbeidet i Breiddefotballen i Sogndal. Det same gjeld satsinga vår opp mot NFF og NTF (Norsk Toppfotball) sin akademiklassifisering. Utviklingsavdelinga deltek med lag i nasjonale seriar og turneringar. Dette er eit tilbod me får

gjennom å vera i OBOS-ligaen. Eit tilbod for dei fremste spelarane hjå oss, klubbane i Sogn og Fjordane og andre samarbeidsklubbar. Spelarane får tilgang til systemverktøy for analyse, treningskalender og planverket til Sogndal Fotball, før dei spelar mot andre OBOS- og Eliteserielag. Referansen som ligg i desse kampane er gull verd både for oss og dei andre klubbane i kretsen. Kristian Ask står for koordineringa av samarbeidet med klubbane og opplev at dialogen og relasjonen til klubbane rundt oss er god og i stadig utvikling. Tilbakemeldingane frå klubbkontakten vår i NTF er at dette arbeidet aldri har vore gjort betre enn i 2024. Sogndal Fotball har 3 av 5 stjerner for arbeidet og er i angrepsposisjon på 4 av 5.

Styret i Sogndal Idrettslag Fotball har etter anbefaling frå Vestland idrettskrets beslutta å flytte årsmøtet til ein seinare dato. Dette skuldast feil i medlemsregistreringa, som må rettast opp for å gjennomføre eit gyldig årsmøte. Beslutninga er gjort i samråd med Sogndal Idrettslag. Det tekniske systemet for medlemsregistrering vi må nytte har ikkje vore tilpassa allianseidrettslagsmodellen vår. I forkant av årsmøtet for 2024 vart det oppdaga feil i medlemsregisteret knytt til kven som hadde tale- og røysterett på årsmøtet. Det viste seg at informasjon ein hadde fått frå NIF tidlegare ikkje stemte, og at ingen var aktive medlemmar i Sogndal Idrettslag Fotball. Etter at feilen vart oppdaga vart det innført medlemskontingent også for SIL Fotball, og alle medlemmar må betale medlemskontingent til både Sogndal Idrettslag og Sogndal Idrettslag Fotball. NIFs lov § 10-7 seier blant anna: «*Medlemmar i idrettslaga pliktar å inneha medlemskap også i allianseidrettslaget.*» Dette betyr at om ein person melder seg inn i Sogndal Idrettslag Fotball, pliktar personen også å vera medlem av Sogndal Idrettslag. Ein må difor betale medlemskontingent både til Sogndal Idrettslag Fotball og til Sogndal Idrettslag. Ein har ved fleire høve fått informasjon frå Norges Idrettsforbund som seier at det er tilstrekkeleg å vere medlem i Sogndal Idrettslag noe som ikke stemmer. Systemet har hatt utfordringar med allianseidrettslag, og dette gjeld alle allianseidrettslag i Norge.

Rekruttering av medieansvarleg Martin Salbu 1.sept 2023 har i 2024 løfta vårt nivå på media og vår bruk av nettside, sosiale medium som Facebook, Twitter, Instagram og podkast.

Styret ønskjer å systematisk inkludere berekraft i våre strategiar og planar. Me henta inspirasjon frå FN -prosjektet «Fotball for målene» som gjev eit fint bakteppe kva NTF, NFF med fleire tenkjer om tematikken og kva som vil bli fokus i norsk fotball framover. Me er ambisiøse og også inspirert av jobben våre gode partnar Lerum alt har gjort på berekraft. I samarbeid med sentrale partnarar vert det investert mykje i dette. Med gáva i 2023 frå Sparebanken Vest vert det ei raskare omstilling. Fjordenergi skal ta seg av meir kjøling om sommaren, omlegging til LED skal få ned forbruk til lys og solceller skal bidra til eigenproduksjon. Arbeidet vil inkludere heile verksemda. Fosshaugane har blitt Miljøsertifisert det siste året og fått energimerka bygga sine. Verksemda vår ureinar det ytre miljø minst like lite som tilsvarende verksemdar. Me har lite langtidssjukemelde i klubben, utover langtidsskadar i spelartroppen. Me var i 2024 og opptekne av HMS. Me måtte saman handtere tapet av ein kjær og viktig tilsett frå 2012- 2024, Grinde. Han var sentralt for utvikling av vår kultur og for samarbeidet mellom klubben og Idrettsutdanninga på HVL. Arbeidsmiljøet i verksemda er god.

Sogndal Idrettslag Fotball er meir enn berre eit fotballag og klubben sitt engasjement går langt utover det å berre spele fotball. Det å ta ein del i samfunnsansvaret i regionen er ein viktig del av vår overordna strategi. I 2024 greidde Sogndal Fotball åleine tilby og gjennomføre meir enn 100 arrangement. På dei aller, aller fleste av desse fekk unge i ulike aldrar og av begge kjønn utfalde seg og utvikle sine interesser og anlegg. Me legg sterkt til rette for å inkludera

og delta. Lerum Cup og Kiwi Bama Cup er to gigantiske arrangement, som begge slo rekordar i 2024. Styret og leiinga ynskjer å fremje likestilling i klubben, og er klar over dei samfunnsmessige forventningane det er knytt til dette arbeidet. Me er stolte av det me får til med til dømes Sogndal United, eit lågterskel fotballtilbod for dei med psykisk og fysisk utviklingsnedsetting i Sogn og Fjordane.

Me er omfatta av Åpenheitslova, vedteken av Stortinget i juni 2021, og gjeldande frå 1. juli 2022. Den gjeld sosial berekraft. Me skal i vår verksemd kartleggja, førebyggja og avgrensa negative konsekvensar for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Det gjeld ikkje berre oss sjølve, men og tilhøve me bidreg til og tilhøve knytt til leverandørar og underleverandørar.

Informasjon om arbeidet fann du frå 30.06.2023 på heimesida vår og vil du framover finne i eigen bolk bakerst i årsmeldinga. Styret meiner me i vårt arbeid saman med administrasjonen, gjennom aktivitet me har skildra i årsmeldinga i 2023 har stetta den sentrale kravlista.

Me har:

- vore medvite det ansvaret verksemda har
- gjort oss kjende med påverknaden for verksemda på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold
- sett i verk tiltak for å redusera faktisk eller mogleg negativ påverknad
- følgd med på om tiltaka verkar
- informert om tiltak og korleis dei verkar
- sørgja for gjenoppretting der skade er skjedd

### **Sportslege nedturar**

Sport og A-laget sine resultat er me alle skuffa over. Ein var ikkje i nærleiken av målsettinga, men me kan sjå tilbake på eit spennande og underhaldande år. Me fekk vera med på Baidoo-eventyret, me fekk sjå Flataker sikre forlenga OBOS-spel og me fekk sjå fleire unge talent slå seg inn i A-troppen. Me var blant klubbane som nyttar flest unge spelarar på A-laget.

### **Hovudsamarbeidspartnarar**

Klubben nyt godt av langsiktige og stabile samarbeidspartnarar. Vår generalsponsor Sparebanken Vest og hovudsponsorane Lerum, Sognekraft og Umbro har bidrege gjennom mange år. Alle samarbeidspartane er uvurderlege i klubben sin ambisjon om å komme tilbake til Eliteserien. Mange av våre samarbeidspartnarar merkar framleis negative effektar av internasjonal konflikt og nasjonale rammevilkår, som råvare- og straumprisar. Me er takksame for at de er med oss.

Det er framleis utfordrande tider økonomisk, og å sikre klubben inntekter er ei viktig oppgåve. 2024 har vore eit aktivt og innhaldsrikt år for marknadsavdelinga i klubben.

Marknadssjef Terje Teigen summerar året slik:

2024 blei eit veldig krevjande år ettersom Sogndal IL Fotball merka at fleire aktørar er i markedet for å hente økonomi til drift. Nasjonalt har sponsorpotten gått ned med 10,5 %, samtidig som store musikkfestivalar tek større og større marknadsandelar. Dette merkar også andre klubbar ettersom festivalane er ei populær flate å spreie merkevara si på for næringslivet.

Me har elles god dialog med dei store partnerane våre der me ser stabilitet. Men blant dei under 50 000,- er det litt meir uroleg. Nokon trekker seg ut, mens andre kjem inn. Slik sett gjekk me nokonlunde i null der.

Sportsleg resultat samt færre i administrasjonen til å utføre oppgåver, som til dømes leveranse til partnerane, hadde og innvirkning på markadsinntektene.

Sogndal Fotball er utruleg takksame for alle partner som er med og støttar det arbeidet me gjer, og me skal jobbe godt for vere ei attraktiv merkevare i åra som kjem.

## **Dugnadsinnsatsen**

Dei mange frivillige som stiller opp på dugnad skal alle ha ein stor takk. Frivillige gjer våre arrangement mogeleg å gjennomføre og fotballaga våre mogeleg å drive. Takk!

Me treng enno fleire frivillige. Våre frivillige får ikkje løn, men me inviterer dei til fellessamlingar og til funksjonærtur. Funksjonærturen i 2024 vart diverre avlyst grunna bortgangen til vår kjære kollega.

## **A-laget**

Sesongen gjekk ikkje slik me hadde ynskt frå det sportslege perspektivet. Ein god vårsesong ga mange positive opplevingar, men hausten vart tyngre.

Sportssjef Terje Skjeldestad summerer opp sesongen slik:

Sesongen starta lovande med eit spennande lag satt saman i løpet av oppkøyringa. Vårsesongen var positiv, og laget presterte sterkt, noko som kulminerte i tabelltopp 17. mai – for andre år på rad. I tillegg kom ein sterk siger mot Kongsvinger under Lerum Cup, som ga eit høgdepunkt i fyrste halvdel av året. Sommarens overgangsvindauge markerte ein historisk augneblunk for klubben, med eit rekordstort sal då Edmund Baidoo gjekk til Red Bull Salzburg i august. Diverre blei haustsesongen ein stor skuffelse. Ei lang tapsrekke prega laget og gjorde at den gode starten ikkje blei fulgt opp. Likevel viste klubben sitt engasjement for unge spelarar, og me var den klubben i Norsk Toppfotball (de to øvste divisjonane) som ga mest speletid (39 %) til U21-spillere. Til tross for utfordringane i haustsesongen, er det mykje å bygge vidare på inn mot neste år, spesielt med tanke på utviklinga av unge spelarar og dei positive prestasjonane frå vårsesongen.

## **Rekruttering/Utvikling**

Ein del av arbeidet på sport er det utviklingsavdelinga som står for. 2024 har vore eit år med mykje aktivitet for alle involverte. Utviklingssjef Erling Ola Fykse summerar året slik:

Gjennom året har arbeidet med toppspelarutvikling vore ein sentral del av utviklingsavdelinga sin strategi. Det er utarbeida og gjennomført planar for å sikre ein høg sportsleg kvalitet og å utvikle framtidige toppspelarar i tråd med klubben sine langsiktige mål.

Det har vore lagt stor vekt på systematisk trenarutvikling gjennom rettleiing for å sikre kontinuerleg fagleg påfyll. Klubbstyrt metodologi har vore ein raud tråd i arbeidet, med tett oppfølging av treningsprinsipp og utviklingsavdelinga sin strategi.

Utvikling av spelarar har vore ei prioritert oppgåve, der strategiske tiltak har bidrege til å utvikle unge talent. Utviklingsavdelinga har også hatt ei tydeleg rolle som bindeledd i klubben sine andre aktivitetar. Det har vore kontinuerleg rapportering til NTF om avdelinga si framdrift og strategiske val.

Utviklingsavdelinga har også vore representert i eksterne trenarforum, regionalt med samarbeidsklubbar, for å styrke klubben sitt samarbeid med desse. Gjennom 2024 har me tatt viktige steg i utviklinga av avdelinga og lagt eit solid fundament for vidare satsing på unge spelarar og ikkje minst trenarutvikling.

### **Årsoppsummering av dagleg leiar, Gisle Olsen:**

Fyrste halvår som dagleg leiar i Sogndal Fotball har vore både utfordrande og lærerikt, med ansvar for økonomi, sport og organisasjon. Me har jobba aktivt med tiltak som sponsoravtalar og arrangement for å styrke klubben sin økonomi, samstundes som me har handtert utfordringar undervegs. Sponsor- og partnerarbeid har vore ein nøkkelprioritet, der me har balansert vedlikehald av eksisterande avtalar med utvikling av nye samarbeid. Med ein konkret handlingsplan inn i 2025 vil situasjonen betrast.

Spelarlogistikk har kravd tett samarbeid med sportssjef, logistikkansvarleg og trenar for å sikre gode overgangar og avtalar. Sportsleg sett har halvåret vore variert, med både noko positivt og nokre utfordringar. Me har jobba tett med trenarar og akademiet for å styrke klubben si utvikling. Organiseringa av heimekampar har kravd god planlegging og koordinering, og frivillige og dugnadsånd har bidrege sterkt til vellykka arrangement.

Personalansvar har vore ein viktig del av rolla, med oppfølging av tilsette i ulike delar av klubben. Nokre endringar i administrasjonen har skapt utfordringar, men gjennom bra planlegging og godt samarbeid har me sikra ei stabil dagleg drift og lagt grunnlaget for vidare utvikling av klubben.

### **Årsmelding Sogndal 2 / G19 i NM**

Sogndal 2 enda på 2. plass bak Fjøra med 50p mot Fjøra sine 53p i Kretsligaen (4.div). Ein kunne sikra opprykket i siste kampen då Sogndal 2 spelte mot Fjøra. Uavgjort var nok. Tap 3-1 sikra Fjøra opprykk. Sogndal 2 scora 98 mål og slapp inn 20.

I G19 Norgesmeisterskapet kom Sogndal G19 til 1/8 dels finale der ein møtte Brann som til slutt vann heile turneringa. På vegen slo ein blant anna ut Molde og leverte fleire gode prestasjonar.

#### **Støtteapparat rundt laget:**

- Trenar: Patrik Karoliussen
- Trenar: Kjetil Sønnesyn
- Trenar: Endre Kupa
- Trenar: Torgim Eltvik
- Keepertrenar: Even Nebb/Martin Selle
- Fysio: Kasper Lie
- Team Manager: Morten Rørstadbotten

## Årsmelding Nasjonal G19 2024

Dette konseptet blir organisert som slik: Det er fire grupper med fire lag i kvar gruppe. Laga i gruppene spelar mot kvarandre 2 gonger (heime/borte), totalt 6 kampar. Dei to beste i gruppa går til A-sluttspellet og dei to neste til B-sluttspellet. Dette er eit konsept der spelarar frå Sogndal Fotball kan delta, ingen hospitantar. Denne spelforma er organisert slik at på våren (før ordinær sesong tek til) så fullfører ein gruppespelet, og frå medio september og ut hausten så fullfører ein sluttspellet. Då blir kampane spelt i vekedagar.

Dette er ein super arena der me får testa oss mot dei beste i landet med våre eigne spelarar. I 2024 var me i gruppe med Molde, Rosenborg og Aalesund. Det var svært god motstand og gode testar for vårt lag. Me hadde to «matchballar» mot Molde og Aalesund borte der seier mot eit av laga hadde sikra oss tidenes fyrste A-sluttspel i dette formatet. Me tapte diverre begge kampane i to svært gode referansekampar for våre gutar. Viljar Stavø blei toppscorar i gruppa med 7 mål.

Etter ein sommar med meir trening og kampar var gjengen igjen klar for NG 19-serien. Då spelte me mot Bodø Glimt (3-2 seier på Jessheim), Rosenborg (2-2 i Trondheim og 3-2 seier heime) og mot Vålerenga i finalen på Grefsen vant me 5-0. Gutane viste i desse kampane at dei har teke nivået. Dette er absolutt ein arena som me får testa ut kor me ligg i «løypa» når spelarane våre byrjar å bli vaksne. I 2025 vil «stigen» for nasjonale ligaer vere følgjande: NG14, NG15, NG17 og NG19.

Troppen som deltok i kampane var:

- |                        |                     |                    |
|------------------------|---------------------|--------------------|
| - Daniel Sætren        | - Markus Bringas    | - Marius Årøy      |
| - Ard Ragnar Sundal    | - Lukas Tangedal    | - Havila Bonabandi |
| - Martin Østli         | - Sander Heggstad   | - Elling Kvåle     |
| - Andreas Kalstad      | - Emmanuel Olugbe   | - Joakim Nundal    |
| - Johannes Lødemel     | - Linus Heggstad    | - Khadar Ibrahim   |
| - Mathias Øren         | - Ola Lerheim       | - Sverre Stavø     |
| - Emil Hillestad       | - Olsen             | - Mohammad Ali     |
| - Noah Heggstad        | - Elias Flo         | - Andreas Duesund  |
| - Sander Aske Granheim | - Kristian Kongelf  | - Viljar Stavø     |
| - Sigve Ølmheim        | - Mathias Ravnestad |                    |
|                        | - Andreas Kalstad   |                    |

Støtteapparat rundt laget:

- Treinar: Patrik Karoliussen
- Treinar: Kjetil Sønnesyn
- Treinar: Endre Kuppen
- Treinar: Torgrim Eltvik
- Keepertreinar: Even Nebb/Martin Selle
- Fysio: Kasper Lie
- Team Manager: Morten Rørstadbotten

## Årsmelding Nasjonal G17 2024

Sogndal NG17 spelar ein vanleg serie, og møter laga i avdelinga si to gonger, heime og borte. Spelarane som deltek får oppleve korleis livet som toppfotballspelar er. Dette er ein arena med høgt nivå, der ein får måle seg mot dei beste laga i landet med våre eigne spelarar og hospitantar. I 2024 var me ein del av seriespelet saman med Aalesund, Brann, Bryne, Hamkam, Kristiansand, Lyn, Sandnes Ulf og Tromsø. Dette ga oss sær sars god motstand og viktige testar for laget og spelarane våre.

I 2024 var Nasjonal G17 ein arena berre for kampar, der laget var samansatt av spelarar frå treningsgruppene Nasjonal G15 og SIL 2. Fasiten etter fullført sesong var 1 seier, 2 uavgjorte og 11 tap. Gutane fekk verkeleg kjenne på korleis det er å spele mot toppmotstand på nasjonalt nivå, og me fekk fleire inntrykk av kvar me står i utviklinga.

Troppen som deltok i kampene var:

- |                             |                             |                           |
|-----------------------------|-----------------------------|---------------------------|
| - Ard Ragnar Sundal         | - Theo Ruud Westgård        | - Mathias Krogh Ravnestad |
| - Martin Opheim Østlie      | - Sverre Stavø              | - Elias Svedal Flo        |
| - Loeay Wisi                | - Khadar Ibrahim            | - Bjørnar Aaland Eggum    |
| - Jonas Henjesand Sætre     | - Lukas Loftheim Tangedal   | - David Kongelf           |
| - Linus Heggstad            | - Sigve Ølmheim             | - Iver Harberg            |
| - Kristian Johannessen Nord | - Gaute Sunde Sandal        | - Christian Foss          |
| - Fabjan Tafa               | - Sander Aske Granheim      | - Marcus Trettenes        |
| - Lukas Lemvik Vigdal       | - Marius Konstali - Lødemel |                           |

### **Årsmelding Nasjonal G15**

Nasjonal G15 spelar to sesongar i løpet av året. Vårsesongen spelast mot lag som er «lokale» og som er rundt vårt budsjett på deira akademi. Dette er ein plasseringsserie som avgjer kva for ein motstand ein får til hausten. I haustsesongen blir laga fordelt i avdelingar basert på plassering i vårsesongen. Det er 5-6 lag i kvar avdeling der alle spelar mot kvarandre heime og borte. I denne serien stiller me med eit lag basert på Sogndalspelarar med hospitantar frå fylket og samarbeidsklubbar.

Dette er ein veldig fin arena for 15-åringane der dei får oppleve nivået på dei beste i landet. Me møter dei beste spelarane i deira aldersgruppe og dei vil få ein referanse på kva som er bra på deira alder. Me spelte mot Kongsvinger, Raufoss, Odd og Mjøndalen på våren og enda på 2.plass. Dermed blei me satt i gruppe med Stabæk, KFUM, Start, Vålerenga og Sandefjord på hausten. Dette var ei super moglegheit for oss til å spele mot dei beste!

Gutane deltok også på Eliteturnering i Skien før sesongen der dei bur og spelar 4 kampar på Skagerak arena mot topp motstand. Etter denne turneringa blei Julian Madsen frå Askvoll som var hospitant på denne turneringa teken ut på Equinor-samling.

Dette er rett og slett ein arena der gutane får kjenne på korleis det er å spele fotball som proff. Det er lange reiser med buss, samla kammåltid, nokre gonger hotellovernatting og dei spelar på dei store stadionane rundt om i landet mot de beste spelarane i landet på deira alder.

Troppen som deltok i kampene var:



- |                    |                    |                    |
|--------------------|--------------------|--------------------|
| - Ulrik Svensøy    | - Sondre Solstad   | - Emil Stensøy     |
| - Gabriel Stavland | - Herfindal        | - Kvam             |
| - Sigve Årdal      | - Abdul Moemen     | - Luka Hole        |
| - Ølmheim          | - Bashar Alatrash  | - Roe Nilsen       |
| - Mats Wehn        | - Kristoffer Svori | - Mathias Røyrvik  |
| - Skjeldestad      | - Moe              | - Sundsøy          |
| - Mats Solheim     | - Selamawi Tsegay  | - Emil Lunde       |
| - Langeland        | - Alem             | - Hillestad        |
| - Jakob Kalstad    | - Arne Flatane     | - Kristian Sandvik |
| - David Kongelf    | - Mads Nilsen      | - Christopher Dale |
| - Julian Gjervik   | - Sverre Stavø     | - Olsen            |
| - Madsen           | - Magnus Kyrkjebø  | - Noah Kvalsøren   |
| - Bjørnar Aaland   | - Strand           | - Oscar Inuk       |
| - Eggum            | - Teodor Helle     | - Kvalheim Rosing  |
|                    | - Rochlenge        |                    |

Støtteapparatet rundt laget:

- Trenarar: Atle Undlien, Torgrim Hjelle Eltvik, Anton Sekkingstad
- Keepertrenar: Martin Selle
- Fysio: Kasper Lie
- Lagleiar: Steinar Eggum

#### **Sogndal NG14**

Sogndal NG14 har blitt trena av Endre Kuppen og Kristian Ask.

Laget består av spelarar frå heile fylket. Sogndal, Syril, Bjørn, Førde, Florø, Balestrand, Lærdal, Dale, Sandane, Hafslo. Kristian har tatt seg av kommunikasjon ut til klubbane på ein glimrande måte. Me føler at me har blitt tatt imot av klubbane ute i fylket på ein fin måte. Det er mange som vil dette og som prøver så godt dei kan for at kabalen skal gå opp. Det var ikkje så mange lag som var påmeldt i denne klassa. Difor vart det ikkje så mange kampar i vårsesongen. Laga ein møtte var Brann, Åsane, Viking, Sandnes Ulf og Haugesund. Den fyrste kampen var borte mot Haugesund, og ein tok buss ned dagen før, budde på hotell og spelte kampen dagen etterpå. Dette var ei kul oppleving for gutane og sosialt. Sportsleg så hadde gutane litt høge skuldrer og fekk kjenne på nivået i Nasjonal Liga, men alt i alt ei bra og lærerik helg for gutane. Laget har tatt store steg frå fyrste gong dei møtte opp i hallen 7. januar 2024 for oppstartshelg. Veldig artig å sjå korleis dei tar nye steg kvar veke og frå kamp til kamp.

I haust har me spelt i ei gruppe med berre 3 lag, Sogndal, Molde og Åsane. Bodø/Glimt skulle også vore med, men vart flytta til ei anna avdeling grunna reisekostnader. Me har opplevd stor framgang i prestasjonane for laget i haust og spelarane har fått oppleve meistring. Det er kjekt å sjå at ein lærer og tek steg i dei ulike fasane av spelet. Heime vann me begge kampane 9-0 og 5-2, og så spelte me uavgjort borte mot Åsane og tapte knepent borte mot Molde.

#### **Eliteturnering i Göteborg**

To av laga våre har delteke på eliteturnering i Sverige. Gutar fødde i 2011 og 2010 (Sogndal NG14). IFK Göteborg Invitationals er ei turnering der nokre av dei beste laga i Norge, Sverige og Danmark møtest. Endre Kuppen var med begge laga til Sverige og fortel om ei positiv oppleving:

- Det er ein veldig kul plass å kome til. Turneringa spelast i Serneke Arena, som er utviklingsavdelinga i Göteborg sin treningsarena. Det ligg 20 banar på utsida og ein stor hall

med skianlegg under. 3-4 handballhallar og hotell over hallen. Det var ein veldig kul og kjekk tur sosialt for begge laga. Det er sjølvsagt ei viktig helg sportsleg, men også sosialt for å bli betre kjende og å dyrke relasjonane utanfor bana.

Sogndal NG14 er laget som Kupaen har trent gjennom sesongen, og dei fekk mange gode referansar i løpet av turneringa:

- Me gjorde det veldig bra og vant fyrste kampen på fredag. Så fekk me ein skikkeleg leksjon og tapte 9-0 mot Göteborg, og det var nok bra for gutta å få kjenne på kor nivået ligg for å kunne ta det neste steget. Resten av kampane vann me. Sjølv om dei andre laga var fysisk overlegne spelte me rundt dei og fekk til "Sogndal-måten" å spele på. Det er kjekt å sjå at me får til dei tinga me jobbar med i kamp og at spelarane tek steg.

I tillegg til Sogndal NG14 (f. 2010) reiste Sogndal G2011 på den same turneringa. Dette er gjengen som til neste år kan bli ein del av NG14, og turneringane i år er ein gradvis overgang frå breiddefotball til toppsatsing. Endre Kupaen fortel:

- G2011 gjorde det også veldig bra. Me vann 3 kampar og tapte 1 som kunne bikka begge vegar. Det vart ei veldig bra helg sportsleg og det var kult å sjå gutta i aksjon. Det er snakk om veldig unge fotballspelarar, men dei har stort potensiale og klarar seg godt mot internasjonal motstand.

### **Elitetiltak**

Sogndal NG14 har også delteke på Elitetiltak i Norge. I haust reiste dei til Oslo for å spele mot dei beste laga i landet. Endre Kupaen var med også her:

- Me reiste til Oslo med Sogndal NG14 og hospitantar. Der møtte me dei beste laga i landet og fekk teste nivået vårt skikkeleg. Dette er også viktige turar for å bli betre kjende og å lære seg korleis det er å vera på tur som fotballspelar. Det var ei veldig bra helg sjølv om resultatata ikkje var dei beste denne turen.

Sogndal f. 2011 deltok på Elitetiltak i Sarpsborg og gjorde det veldig godt. Også dei møtte mostand på høgt nasjonalt nivå. Treinar Endre Kupaen fortel:

- Me vant heile turneringa. Det var ei veldig sportsleg bra helg for laget og turneringa var godt lagt til rette. Me vann alle kampane og skulle møte Sarpsborg til finale på søndagen. Det var litt artig for i forkant av kampen gjekk det gjetord om kor gode Sogndal var, og at det ikkje blei enkelt å slå oss. Det vart ein kul kamp og det var ekstra kjekt at me kørde over dei og vann.

### **Sogndal Fotball breiddeavdeling 2024**

Breiddekoordinator: Kristian Ask.

Breiddeutval (sportsleg utval): Kristian Ask, Einar Ylvisåker og Andrea Solbakken.

### **Medlemstal (henta frå Spond):**

Jenter 231

Gutar 283

Trenarar/lagleiarar: 118

### **Klubbfokus 2024:**

Overordna mål: Likestilling i breiddefotballen.

#### *Rekruttering oppstartskull.*

Informasjon ut i barnehagane om oppstartsdag med fotballmoro og A-lagskamp. Noko utfordrande å få informasjonen ut til alle i kullet, men stort oppmøte frå 2018-kullet. Positivt med ein oppstartsdag og kampoppleving for dei yngste. Gode tilbakemeldingar på oppstarten.

#### *Ungdomslag, Fosshaugane Campus.*

Breiddeutvalet har jobba utifrå eit ønskje om at alle ungdomslag skal få minimum ein kamp på Fosshaugane Campus i løpet av sesongen og at dette skal vera så jamt fordelt som mogleg. Alle ungdomslag fekk spele to kampar der kvar (med unntak av G15-17) som spelte 1 grunna datoendring. Positivt mottatt frå spelarar og trenarar.

#### *Utstyrsbod Kvåle Stadion.*

Dei yngste laga har etter ønskje frå 2023 fått disponere eit rom i stadionbygget på Kvåle Stadion til å leggje frå seg utstyr og diverse ifm. treningsgjennomføring.

#### *Likestilling i treningsavgift og tilbod.*

Breiddeutvalet har jobba for at ein skal få eit likt tilbod i breiddeavdelinga mellom kjønn. Derav har ein utforma ei ny matrise for treningsutgifter som er jambyrdig i breiddeavdelinga.

#### *Jenter Vil Mer.*

Sogndal Fotball har hatt ei sentral rolle i prosjektet initiert av Sparebanken Vest. Som ein av tre toppklubbar i prosjektet har ein hatt eit ekstra ansvar for å drive dette fram, med Syril IL som mentorklubb. Det har vore jobba tett med Syril og jentene i begge klubbane har fått ekstra tilskot av midlar og merksemd, som vidare har ført til eit løft av tilbodet. Prosjektet spela bl.a. ei sentral rolle i at damelaget vårt fekk reise på treningsleir, at ein fekk arrangert eit foredrag om kvinnehelse, søvn og skadeførebygging, at fleire jenter fekk oppleve turneringar. Det ligg an til at Sogndal Fotball også får ei rolle i vidareføringa av prosjektet, men her ventar ein på meir informasjon frå Sparebanken Vest.

#### *Kiwi Bama Cup og Lerum Cup.*

Svært vellukka gjennomføring av to turneringar som sprengde deltakingsrekordar i 2024. På begge desse fekk frivilligheita testa seg – og den stod med glans. Me skal vera riktig stolte av desse to produkta!

#### *Sesongavslutning 2024*

Etter gode tilbakemeldingar frå avslutninga i 2023, gjenskapa Sogndal Fotball samlingspunktet i desember. Under samlinga var trenarar og lagleiarar samla for ein presentasjon av året framlagt av Breiddekoordinator Kristian og eit måltid levert av La Pergola. Det heile fann stad på Quality Hotel Sogndal og peikar seg ut til å verta ein flott tradisjon!

#### *Utmerkingar 2024:*

- Kretsmeister i klassen Jenter 13-14.
- Vinnar av Norway Cup 7ar, klasse Gutar 13-14.
- Vinnar av Hessa Cup, klasse Jenter 13-14.
- Vinnar av Lerum Cup, klasse Jenter 13-14.
- Årets Eldsjel 2024 (avslutning), Sogndal Fotball: Siv Kristine Hovland
- Heiderspris 2024 (avslutning), Sogndal Fotball: Geir Inge Heggestad

### *Sesongevaluering*

Dei siste tre åra har det blitt sendt ut eit skriv til alle trenarar og lagleiarar i klubben, der dei får moglegheita til å melde tilbake til klubb, både om det som er bra men også det som kan vidareutviklast. Her er samanfatta nokre utviklingspunkt på kva som er ønska prioritert i 2025:

- Tilgjengelegheit klubb. Ønskeleg med fleire tilsette/kontaktpunkt ut mot breiddeavdelinga.
- Tydelegare framdriftsplan og prioriteringar, gjerne etter innspel frå breiddeavdelinga.
- Rutinar ifm. utstyr (felles tilgang til kjegler, vestar, ballar med tilsyn frå klubb?).
- Gjennomgang av draktsett (storleik, fornying, modellval)

### **Verksemda**

Sogndal Idrettslag Fotball blei stifta 19. februar 1926 og ein fotballklubb frå saftbygda Sogndal. Sogndal spelar sine heimekampar på Fosshaugane Campus. For øvrig består konsernet av Fosshaugane AS, som eig og driftar eigedomsmassen på Fosshaugane Campus, samt Idrettssenteret AS (treningscenteret Spenst). Sogndal eFotball AS blei stifta i 2022 og er 100% eigd av Sogndal Idrettslag Fotball, som skal drive med utvikling og utleige av bygningsmasse på Campus. Samtlege av verksemdene har tilhaldsstad i Sogndal Kommune.

### **Arbeidsmiljø og HMS**

Klubben har hatt fokus på helse, miljø og sikkerheit (HMS) for å sikre eit trygt og inkluderande arbeidsmiljø for alle tilsette. I løpet av året blei det ikkje registrert nokre arbeidsulykker som resulterte i sjukefråvær, samt ingen mindre skadar. Det er gjennomført vurderingar og tiltak for å redusere risikoen for eventuelle ulykker og helseplager.

Sjukefråværet i klubben var i 2024: 11 personar var korttidsfråverande og 2 langtidsfråverande. Det er gjort tiltak for å redusere sjukefråværet, blant anna gjennom tett oppfølging av sjukemeldte og tilrettelegging der det har vore mogleg.

Klubben har saman med Idrettssenteret og Fosshaugane AS ei eiga HMS-gruppe som følgjer opp retningslinjene for dette arbeidet.

### **Likestilling og inkludering**

Klubben ønskjer likestilling og mangfald i alle ledd, men ved årsskiftet var kjønnsfordelinga blant dei tilsette 100% menn. I styret var det 3 kvinner og 4 menn. Klubben har eit fokus på å fremje likestilling i rekrutteringa av tilsette og styremedlemmar.

Me er opptekne av kontinuerleg forbetring og vil fortsette å evaluere og vidareutvikle våre tiltak for å sikre eit inkluderande og rettferdig arbeidsmiljø for alle tilsette.

### **Økonomi**

#### *Omsetnad og resultat*

Rekneskapen for 2024 syner samla driftsinntekter på 78,1 mNOK mot 63,4 for 2023. Resultat før skatt viser eit overskot på m NOK 9,25 mot underskot på mNOK 0,9 for 2023.

Vi føl vidare opp tiltaksplan som skal sikra auka inntekter og reduserte kostnader i 2025.

Konsernet har samla driftsinntekter på m NOK 124,3 mot mNOK 109,7 i 2023. Resultat etter skatt viser eit overskot på mNOK 10 mot eit overskot på mNOK 2,6 for 2023.

#### *Kontantstraum og balanse*

Kontantstraumen frå drifta til klubb var i 2024 positiv med mNOK 5,8 mot ein positiv mNOK 2,8 i 2023. Årsaken til dette er spelarsal. For konsernet samla er kontantstraumen frå drifta i 2024 positiv med mNOK 25,4 mot mNOK 12,5 i 2023.

Endring i totalkapitalen klubb relaterer seg i det alt vesentlege til auka fordringar. I klubb er eigenkapitalen betra med mNOK 9,9 og kortsiktig gjeld redusert med mNOK 9 gjennom nedbetalingar i 2024. Det gode resultatet i 2024 skuldast i all hovudsak spelarsal. Salet av Baidoo og Ørjasæter gav klubb ei nettoinntekt på ca. mNOK 25. Utan desse spelarsala ville resultatet vorte ca. minus mNOK 15. Her må ein ta med i betraktninga om at dersom ein hadde beholdt Baidoo så kunne dei sportslege resultata sett heilt annleis ut, og klubben ville sloppe unna store kostnader i samband med den dårlege haustsesongen. Det er utarbeida ein handlingsplan med spesifiserte tiltak for å få driftsresultatet for klubb meir i balanse. Desse tiltaka er spesifiserte under punktet fortsatt drift.

Klubben sin store utfordring er likviditet. Store spelarsal gir store inntekter, men svært lite av dette blir betalt ut «up front» og utfordrar slik sett likviditeten i klubben. Uteståande fordringar var pr. 31.12 mNOK 13,5 som i all hovudsak relaterar seg til uteståande vedr. spelarsal. Uteståande fordringar har dei siste 3 åra auka med mNOK 10. Klubben har difor inngått avtale med banken om å utvide sin kassakreditt til mNOK 6 om dette skulle vere naudsynt i periodar

Den finansielle marknadsrisikoen for klubb er primært knytt til sportslege resultat og spelarlogistikk. Tilskot av mediepengar er direkte knytt opp mot sportslege resultat. Sportsleg suksess gir auka attraktivitet og derav auka inntekter, medan dårleg sportslege resultat fører til det motsette.

Fosshaugane AS er fortsatt i brot med eit av lånevilkåra ovanfor banken pr 31.12.24 som gjeld uteståande til klubb. Det er innhenta wavier frå banken knytt til dette forholdet.

For konsernet er den største finansielle risikoen knytt til renteutvikling og vidare utvikling og vekst i regionen då Fosshaugane AS har stor renteberande gjeld og store leigeinntekter som kan bli påverka. Det er gjort store invisteringar i Svingen i 2024. Pr. 31.12 beløper dette seg til mNOK 37. Når dette bygget står ferdig i 2025 vil det begynne å generere gode leigeinntekter. Den største finansielle risikoen for Fosshaugane AS vil komme i 2026 då Høgskulen og Vestland Fylkeskommune sine leigeavtalar går og skal reforhandlast.

#### **Fortsatt drift**

Grunna eit godt driftsår i 2024 er eigenkapitalen styrka med kr. 9,9 mNOK. Fortsatt er ca. 39% av eigenkapitalen tapt, og selskapet har framleis stram likviditet. Styret har difor vedteke ein handlingsplan med ei rekkje tiltak for å betre dette.

Her kan nemnast:

- Auke av treningsavgifter, sesongkort, påmeldingsavgifter og deltakarkort (Lerum cup, Kiwi Bama cup, OBOS-Camp, Akademi) stipulert kr. 1,2 mill.

- Auke av prisar på arrangement av treningshelgar og tiltak inn motkampdag i OBOS-ligaen (eks.: kronekamp, målklubben). stipulert kr. 0,8 mill.
- Auke av markedsinntekter og gåver stipulert til kr. 3 mill

Dette vil i løpet av året 2025 vise positive utslag i økonomien, noe som vil øke inntektene med 5 millioner kroner.

Det er satt opp nye rutinar i samband med kostnadskontroll og ansvarsområder i henhold til vedteke budsjett. I handlingsplanen er det og på kostnadssida sett i verk ei rekkje tiltak for å redusere kostnadane.

- Reduksjon av lønskostnader gjennom naturleg avgang, omstrukturering og ikkje erstatta avgangar som skjedde i 2024. Dette er tenkt å gi ein reduksjon i lønskostnader på ca. 2,5 mill.
- Det er gjort innsparingar på mat og anna innkjøp sport, i tillegg til husleige spelarar med ca 0,75 mill.
- Det er gjort tiltak rundt innsparing av reisekostnader på rundt 0,5 mill, og det er gjort tiltak vedr. reduksjon rundt arrangement for rundt 0,5 mill.
- I tillegg skal ein gjennomgå struktur og retningslinjer i spelarkontraktar vil bli utarbeida gjennom året slik at ein har eit betre verktøy i dette arbeidet inn i 2026.

Styret vurderer at det er meirverdiar i spelarrettar som ikkje er reflektert i bokførte verdiar. Det vert seld spelarar som rekneskaps messig gevinst som underbygger dette. I 2025 forventar styret eit negativt resultat på mNOK 4,8 på bakgrunn at dei tiltaka som er iverksett. Det er eit mål for klubben å ha eit driftsrekneskap i balanse frå 2026, slik at alle eventuelle spelarsal og ekstraordinære inntekter vil styrke eigenkapitalen.

På bakgrunn av dette stadfestar styret at årsrekneskapen er utarbeida under føresetnad om fortsatt drift. Selskapet har teikna styreansvarsforsikring pr 31.12.24.

### **Framtidsutsikter**

Framtidsutsiktene til klubb er vurdert til å vera positive, men usikre. Det positive er at klubben har store meirverdiar i spelarrettigheter og spelarstall. Usikkerheita er knytt til den raske utviklinga av kostnadsnivået i Norsk fotball rundt spelarlogistikk og spelarlønningar. Vår satsing på eigenutvikling og meirverdi i spelarstall vil i så fall slå positivt ut for oss. For konsernet elles er det stort fokus på vidare utvikling med 1 stort prosjekt i emning.

Utbygginga av svingen som er kostnadsestimert til over mNOK 86. I 2023 vart Idrettssenteret oppgradert og utvida for vel mNOK 7. Begge disse investeringane er tenkt å gje konsernet auka inntekter i framtida.

### **Verv i NFF og innsats for landslaga**

- Håvard Flo - Disiplinærutvalet
- Margrethe Svidal - Konkurransutvalet

I tillegg har vi fleire tilsette knytt til landslaga som har gjort ein stor jobb i 2024:

- Terje Skjeldestad - Kvinnelandslaget
- Geir Stenehem - Landslagsskulen
- Morten Olsen - Landslagsskulen

### **Samfunnsutvikling:**

Fosshaugane Campus utviklar seg stadig, og gjennom 2024 har det vore eit godt driftsår i Innovasjonsbygget og idrettshall i tilknytning til storhallen der Sognahallen AS er byggherre. Idrettsenteret, Spenst, vart i august ny-åpna etter omfattande oppussing og ombygging. Målet vårt er at vår eigen aktivitet knytt til topp- og breiddeaktivitet skal vere energinøytral og vere eit sterkt bidrag til det grønne skiftet på Fosshaugane. Med gáva frå Sparebanken Vest i 2023 vert det ei raskare omstilling. Fjordenergi skal ta seg av meir kjøling om sommaren, omlegging til LED skal få ned forbruk til lys og solceller skal bidra til eigenproduksjon.

Styret i Sogndal Fotball vil rette ei takk til frivillige, tilsette, samarbeidspartnarar og alle andre som har bidrege i løpet av sesongen. Dette er eit viktig fundament for klubbdrifta.

### **Ansvar og berekraftsforhold**

Sogndal Fotball og selskapa vi eig påverkar i kraft av vårt virke omgjevnadane. Her er ei oppstilling som seier noko om korleis vi påverkar klima og miljø, sosiale forhold og organisasjon. Våre ambisjonar er å bidra positivt til å sikre vår felles framtid i eit lengre perspektiv. Dette er forankra i vår strategi.

Vi støttar alle berekraftmåla, men prioriterer desse:

3- God helse og livskvalitet. Bidrag frå breidde- og toppidrett til fysisk utvikling og glede.

4- God utdanning. Vi utdannar på alle nivå og utviklar den enkelte.

8- Anstendig arbeid og økonomisk vekst. Vår aktivitet bidreg vesentleg til næring og arbeidsplassar.

9- Industri, innovasjon og infrastruktur. Vi utviklar, innoverer og bygger berekraftig infrastruktur.

11- Berekraftige byar og lokalsamfunn. Vi er ein samfunnsutviklar i Sogn og i Vestland

17- Samarbeid for å nå måla. Det handlar om samarbeid og partnerskap for å nå måla våre. Vi er ein viktig samfunnsaktør.

### **Åpenheitsrapportering**

Åpenheitslova gjeld for Sogndal Idrettslag Fotball. Vi er omfatta av Åpenheitslova, vedteken av Stortinget i juni 2021, og gjeldande frå 1. juli 2022. Den gjeld sosial berekraft. Vi skal i vår verksemd kartleggja, førebyggja og avgrensa negative konsekvensar for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Dette gjeld oss sjølve og tilhøve vi bidreg til og tilhøve knytt til leverandørar og underleverandørar. Styret meiner vi i vårt arbeid saman med administrasjonen, gjennom aktivitet vi gjort greie for her og tidlegare i årsmeldinga har:

- vore medvite det ansvaret verksemda har
- gjort oss kjende med påverknaden for verksemda på menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve

- sett i verk tiltak for å redusera faktisk eller mogleg negativ påverknad
- følgd med på om tiltaka verkar
- informert om tiltak og korleis dei verkar
- sørga for gjenoppretting der skade er skjedd

Her kan du lese vår utgreiing om openheitslova


Sogndal 24. mars 2025  
Styret i Sogndal IL Fotball


  
Jan Rune Årøy  
- styreleiar -

  
Trude Ramstad  
- nestleiar -

  
Kåre Jan Mjelle  
- styremedlem -

  
Nina Munthe Olsen  
- styremedlem -

  
Einar Ylvisåker  
- styremedlem -

  
Andrea Solbakken  
- styremedlem

  
Øyvind Heimset Larsen  
- styremedlem -